



Meland kommune ved valansvarleg

13.05.2019

Tilrettelegging av valet 2019

Til hausten er det val. Det er viktig at vallokala er tilgjengelege for alle.

- I kvart vallokale skal minst eit stemmeavlukke vere merka med både punktskrift og storskrift ved stemmesetlane for kvart parti. Merkelappar kan bestillast frå Blindeforbundet sitt punktskrifttrykkeri (Tlf. 55 54 69 10, epost trykkeriet@blindeforbundet.no). Det er viktig at kommunane alt no sjekkar om dei treng merking. Det er alltid kommunar som finn ut i siste liten at dei manglar slik merking. Det kan gjere at dei ikkje får skaffa seg dette i tide.
- Det skal vere godt lys i minst eit stemmeavlukke så det er godt tilrettelagt for å lese og rette stemmesetlar. God og riktig lyssetting er viktig for mange.
- Blinde og svaksynte har rett til å ha med seg sjølvvalt ledsager inn i stemmeavlukket. Her blei det gjort mange feil under valet for to år sidan.
- Valfunksjonærar må få opplæring i korleis dei bistår synshemma som kjem og skal stemme. Enkel ledsaging og korleis brette stemmesetelen riktig. Sjekk alltid om stemmesetlane ligg der dei skal når ein synshemma skal inn å stemme. Om ikkje kan ein ta feil stemmesetel om han ligg i feil bunke ut frå merkinga i punktskrift og storskrift.
- Legg gjerne ei enkel ledeline frå inngangsdøra, inn i stemmelokalet som fører frem til der du putter stemmesetelen





i urna. Her er det enkle løysingar som blir brukt i mange kommunar.

- Det må sikrast transport til vallokalet for dei som treng det.
- Informasjon må komme ut til synshemma om kvar og når dei skal stemme og om kvar og når dei kan forhåndsstemme.
- Stemmesetlar som er trykte i punktskrift og som mange bruker ved forhåndsstemming, kan bestillast frå Blindeforbundet sitt trykkeri i Bergen.

Er det ønske om meir informasjon, ta kontakt på tlf. 55 33 69 44 eller epost hordaland@blindeforbundet.no.

Med vennleg helsing

Norges Blindeforbund Hordaland
Mariann Fossum, daglig leder fylkeskontoret i Hordaland